

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/21	Formannskapet	PS	24.03.2021
030/21	Heradsstyret	PS	07.04.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	14/1769

Tysse vassverk, vassleidning Tysse - Fotlandsvåg, avlaupsleidning Fotlandsvåg - Kleppskaret. Rapportering på prosjekt og kostnader.

Vedlegg:

20191220154832868

Notat Tysse og Haus 29.09.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Formannskapet - 023/21

FS - behandling:

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Merknad:

Periodisert oppstilling av kostnader som visar årvis pengeforbruk til prosjektet

Kostnader for juridisk bistand oppsatt årvis

Kostnader for konsulentbistand oppsatt årvis

Kostnader med ny veg og avkjøring ved austre Kleppe høgdebasseng må spesifiserast.

Forventa meirkostnad i samband med opprydning, grunnavståing og ferdigstilling jfr. Pkt I i forlik må spesifiserast. Dette gjeld gnr 101 bnr 3."

AVRØYSTING:

Henrik Øksnes, FRP, sitt tilleggsframlegg fell 2 røyster (FRP) mot 7 røyster (2AP, 2SP, 1KRF, 1H, 1SV)

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Heradsstyret - 030/21

HS - behandling:

Ordføraren, viste til innsende spørsmål frå Henrik Øksnes om meir detaljerte kostnadstal for prosjekta, og refererte svar frå sektor Samfunnsutvikling.

Svaret vert lagt ut i Møteportalen etter møtet.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett. Svar på spørsmål frå FRP vert lagt inn i svaret. Læringsnotat vert lagt ved saka for unngå slike saker i framtida."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling - 16 røyster (5SP,4AP,1MDG,1V,3KRF,2H(H.H.Gislason,V. Ahmer))

FRP sitt framlegg - 11 røyster (7FRP, 2H (Ole J. Mjøs, Aksel Mjøs), 2SV)

HS - vedtak:

"Orienteringa vert teke til vitande."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hovudplan for vassforsyning vart vedteke 19.06.2013 med val av trase Alt 1 a for Tysse vassverk. Kalkylen i hovudplanen var 23,4 millionar kroner.

Sumaren 2013 var det lyst ut konkurranse for å prosjektere anlegget og Asplan Viak vant denne.

Det vart gjort politisk vedtak 11.12.2013 om bygging av avlaupsanlegg Fotlandsvåg – Austre Kleppe i same prosjekt som Tysse vassverk. Budsjettet for Fotlandsvåg – Austre Kleppe var 5,2 millionar kroner

Prosjektering blei utført vinteren 2013/2014 og byggearbeidet vart utlyst våren 2014.

For hovudarbeidet med grøfter, borehol, leidningar, basseng mm fekk kommunen inn 4 tilbod. Implenia AS vant konkurransen.

Det var eige anbod på leveranse av vasspumpestasjon. Denne vart levert av firma Axflow.

Byggearbeidet starta seint 2014 og var ferdig på slutten av 2015.

Kontraktsummen som vart avtalt med Implenia AS er kr. 19.770.516,48 eks mva. I sluttoppgjeret kravde Implenia kr. 64.027.920,-. Forliket mellom Osterøy kommune og Implenia AS for arbeidet er på kr.26.943.714,-.

Differansen mellom kontraktsum og sluttsum gjeld avrekning av mengdepostar ihht kontrakt, godkjente endringar/tillegg og tilslutt forliket som vart inngått. Forlikavtalen gjeld både Haus og Tysse og er vedlagt saka.

Prosessen med sluttoppgjer er gjennomført i perioden frå 2016 fram til forliket vart inngått den 20.12.2019.

I 2020 har det vore avklaringar i samband med vilkår i forlikavtalen og ein har no ferdigattest på anlegget.

Rådmannen syner her til notat frå Advokatfirma Sands datert 29.09.20 som har bistått kommunen i saka. Notatet gjeld både for Haus og Tysse prosjektet.

Osterøy kommune har brukt Asplan Viak AS til prosjektering, bistand i byggeperioden og til sluttoppgjer.

Kommunen leigde inn byggjeleiar i starten gjennom DIHVA (Driftsassistansen i Hordaland vatn og avløp) før nyttilsett prosjektleiar i kommunen overtok. I tillegg har kommunen brukt juridisk rådgjeving v/ advokatfirma Sands DA i samband med endringskrav og sluttoppgjer. Det har og vært utgifter til BKK for framføring av straum, div byggesaksgebyr, grunnoppgjerd, intern føring av kostnader til personell, arbeid utført i eigenregi, mm

Kostnader.

Rekneskapen for perioden 2013 – 2021 syner ein samla kostnad på kr. 31.299.703,-. Dette gjeld både for vassleidning og avlaupsleidning.

Kommunen fekk tilskot frå Bkk på ein million kroner i samband med at Tysse vassverk vart lagt ned. Dette ligg inne i rekneskapen.

Saka med frådeling av grunn for høgdebassenga er ikkje slutført og her vil det koma noko kostnader.

Løyving til prosjektet frå investeringsbudsjettet

Osterøy kommune har gitt årlege løyvingar til prosjektet frå 2013 til 2019.

Løyvinga er vist i dei ordinære og reviderte budsjetta.

I perioden då sluttoppgjeret vart gjennomført (2016 – 2019) er budsjettet vurdert slik at det ikkje skulle påverke forhandlingane med Implenias AS. Med unntak i utbetaling av forliket er kostnadane i denne perioden hovudsakleg gått til teknisk og juridisk bistand i samband med sluttoppgjeret.

Vurdering

Prosjektet har vore svært utfordrande og kravd stort ressursbruk for administrasjonen. Grunnen til dette er saka med Implenias AS både i byggefasen og spesielt ved sluttoppgjeret.

Forøvrig viser rådmannen til notatet frå Advokatfirma Sands.

Konklusjon

Rådmann syner til saksutgreiinga og vedlagte dokument og kjem med framlegg om at orienteringa vert teke til vitande.